

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF
DATO: 23.01.2018
SAKSHANDSAMAR: Ivar Eriksen
SAKA GJELD: **Val av revisjonsutval**

ARKIVSAK: 2015/1528
STYRESAK: **015/18**

STYREMØTE: **08.01. 2018**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret oppnemnar følgjande styremedlemmer som representantar til styret sitt revisjonsutval:

Oppsummering

Styret i regionalt helseføretak skal blant sine medlemmer velje minst tre personer til styret sitt revisjonsutval. Revisjonsutvalet blir oppnemnd for 2 år av gangen. Det blir i saka fremma forslag om nytt revisjonsutval. Det blir også fremma forslag om å ta bort ordninga med varamedlem til revisjonsutvalet.

Fakta

Helse Vest RHF har sidan 2005 hatt ein ordning med revisjonsutval (tidlegare kalla kontrollkomitè og revisjonskomitè). Utvalet er eit underutval av styret og har eit særleg ansvar for å støtte styret til å utøve god verksemdstyring gjennom tilsyn med risikostyring og internkontroll i føretaksgruppa. Revisjonsutvalet har tre medlemmer og eit varamedlem. Ordninga med varamedlem blei etablert frå og med 2016.

Ordninga med revisjonsutval blei med verknad frå 1. januar 2013 lovfesta, jf. helseføretakslova § 21a som har følgjande ordlyd:

«Styret i regionalt helseforetak velger blant sine medlemmer minst tre personer til styrets revisjonsutvalg. Begge kjønn skal være representert. Styreleder kan ikke velges. Minst ett av medlemmene skal ha kunnskap om regnskap og revisjon.»

Styret tilsetter leder for internrevisjonen og fastsetter instruks og årsplan for internrevisjonen.»

Det er utarbeidd instruks for revisjonsutvalet som følgjer saka som vedlegg. I tillegg er ordninga omtala i Helse- og omsorgsdepartementet sin rettleiar for styrearbeid i regionale helseføretak der det heitar følgjande:

«Det regionale helseforetaket skal ha et revisjonsutvalg. Revisjonsutvalget utfører sitt arbeid på vegne av styret og har både det regionale helseforetaket og helseforetakene som arbeidsområde. Revisjonsutvalget velges av og blant styrets medlemmer, begge kjønn skal være representert og minst ett av medlemmene skal ha kunnskap om regnskap eller revisjon.»

Kommentarar

I følgje punkt 2.2 i instruks for revisjonsutvalet skal styret velje medlemmane av revisjonsutvalet for to år om gangen. Styret utpeikte følgjande medlemmer som revisjonsutval i styremøte 10. februar 2016 (sak 017/16):

- Gunnar Berge, leiar
- Olin Johanne Henden, medlem
- Lise Karin Strømme, medlem
- Tone Berntsen Steinsvåg, varamedlem

Revisjonsutvalet er eit lite utval og ved oppnemning i 2016 blei det vedteke å etablere ei ordning med varamedlem. Lova omtaler ikkje ei slik ordning, men det blei likevel veteke å etablere ei slik løysing ut frå spesielle forhold som låg føre på det tidspunktet. Desse forholda gjer seg ikkje lengre gjeldande, og det blir derfor gjort framlegg om at ordninga blir tatt bort.

Instruksen for revisjonsutvalet må då rettast i tråd med dette.

Vedlegg:

Instruks for revisjonsutvalet i Helse Vest RHF